


2016  
Pelagisk **Forening**

A large fishing boat with a prominent superstructure and deck equipment is positioned in the lower-left quadrant of the image. It is moving from left to right, leaving a slight wake. The background consists of a vast, calm sea meeting a horizon under a sky filled with soft, greyish-blue clouds.

**PELAGISK**  
FORENING  
[www.pelagisk.net](http://www.pelagisk.net)

# AUKA VERDISKAPNING

Våre medlemmar, og næringa generelt, har hatt eit brukbart økonomisk år sidan førre årsmøte. Dette m.a. på grunn av "riktigare" marknadspolis for dei fleste fiskeslaga me leverer. Eg meiner at "riktigare" marknadspolis er oppnådd m.a. på grunn av godt marknadsarbeid av Sjømatrådet. I tillegg har ein iherdig og effektiv landindustri, og flåten sitt kontinuerlege arbeid for å levere det beste av råvarer, gjort at verdiskapinga har auka.

For å oppretthalda positiv prisutvikling, og for å vera budde på auka volum i framtida, meiner eg marknadsarbeidet må aukast og ikkje reduserast. Redusering av marknadspolisgift er eit, av få, vedtak eg er ueinig med myndighetene med.

Eg vil rosa fiskeriministeren, departementet og Stortinget for i det store og heile å tenka, og handla, til beste for heile næringa, og ikkje oppfylla enkeltgrupper sine meir og meir utspekulerte måtar å fremma sine særinteresser. For at næringa skal veksa, og vera til gode for heile landet, er det absolutt naudsynt at politikarane tenker på heile næringa, når det vurderer fiskerireguleringane.

Dei siste åra har tilhøvet mellom forskar og fiskar vore i fokus. Slik har det òg vore i år. Takk til betre kommunikasjon og kunnskapsformidling, er det større forståing for dei ulike synspunkt.

Me veit dette tar oss nærmere sanninga om ressursane i havet. Ressursar me skal hausta på ein bærekraftig og miljømessig optimal måte.

Året har og vært prega av diverse utval som skal finne "orakelsvar" på det meste, når det gjeld kven, kor mykje, når og kor lenge det skal fiskast.

Desse "orakelsvara" ber eg om at næringa og myndigheter ikkje tillegg for mykje vekt.

Ressursrente er eit stikkord i denne debatten. I dag betalar fiskeflåten ressursrenta, men ikkje direkte i form av giro frå styresmaktene. Dagens ressursrenta er for å oppretthalda innovasjon, arbeidsplasser, busetting og aktivitet langs heile kysten. Dette betalar fiskarane med glede. Leverandørindustrien er me òg stolt av å bidra til.

Deltakarova er ein føresetnad for at desse samfunnsbyggande verksemndene kan fortsetja og vidareutviklast, eventuelt med mindre justeringar etter grundige vurderingar.

Organiseringa av fiskerinorge er samansatt og uoversiktleg. Reguleringane er òg mange og uoversiktlege. Det er difor ikkje alltid lett for politikarane å veta kven som meiner kva. Me oppmodar politikarane til å tenkja på fellesskapet sitt beste, for på den måten å få størst mogeleg verdiskaping for alle.

Pelagisk Forening har god dialog med andre lag og organisasjoner, forvaltning og politikarar, om korleis verdiskapinga skal bli størst mogeleg for flest mogeleg. Organisasjonslivet er i stadig endring, men Pelagisk Forening skal sjølv sagt fortsetja å gjera sitt for gode dialogar, og godt samarbeid, i framtida.

**ME OPPMODAR POLITIKARANE TIL Å  
TENKJA PÅ FELLESSKAPET SITT BESTE, FOR  
PÅ DEN MÅTEN Å FÅ STØRST MOGELEG  
VERDISKAPING FOR ALLE.**

I året som har gått har Pelagisk Forening hatt utfordrande administrative endringar. Eg vil retta ein takk til styret, og tilsette, for godt arbeid og løysingsorienterte haldningar.

Det er ønskeleg å utvikla Pelagisk Forening som eit sterkt talerør for ein aktiv og livskraftig kyst. Dette i samarbeid med aktive medlemmar, eit kompetent styre og dyktige og engasjerte tilsette.

Eg ser fram til vidare utvikling av Pelagisk Forening, og ønskjer alle lykke til med årsmøtet, og eit godt fiskeriår.



*Jonny Lokøy*  
Jonny Lokøy

# STYRETS BERETNING 2016

Styret i Pelagisk Forening har opplevd eit spesielt år i 2016. Fiskar, reiar og styremedlem Karstein Stølen gjekk bort på havet. Med sin store kunnskap, sitt engasjement, og sin personlegdom var, og er, Karstein sakna i styret og i Pelagisk Forening.

I 2016 valte Torstein Solem å mönstra av skuta. Torstein var dagleg leiar frå stiftinga i 2011, og har spelt ei stor rolla i å bygga opp Pelagisk Forening. Styret vil retta ein stort takk til Torstein, for hans gode innsats i fem år.

Som tidlegare år, har styret vore leia av Jonny Lokøy.

Styret er glad for at tidlegare rådgjevar, i Pelagisk Forening, Mariann Frantsen har takka ja til å vera konstituert dagleg leiar.

Sekretariatet består no av Mariann og advokat Ask Økland. Styret er tilfreds med servicen sekretariatet yter, til medlemsreiarlaga, i dei mange ulike spørsmåla i samband med drifta av fiskefartøy. Styret er òg nøgde med arbeidet som blir gjort for å synleggjera Pelagisk Forening.

Styret konstaterer at fiskerinæringa er i vinden, og får stor merksemd frå privatpersonar, andre næringar og det offentlege. For første gang på mange år har talet på aktive fiskarar (blad B) gått opp, og det er styret glade for.

**Er det «viktig at struktureringen ikke stopper opp»?**  
Etter at basiskvotetaket for ringnot og trål blei auka i januar 2015 er det ikkje mange av pådrivarane som har strukturert. Tvert om sit mange på gjerdet, og vonar at reglane om avkorting og varigheit blir oppheva. Ytterlegare strukturering har blitt satt på vent. Dette i på�vete av behandling av Eidesenutvalet sitt arbeid med «Et fremtidsrettet kvotesystem».

For å sikra superprofitt for nokre få fleirbåtsreiarlag har nokon fremja forslag om ei mellombels rederikvoteordning, som er tenkt å vara til Eidesenutvalet sin rapport er evaluert. Pelagisk Forening ser ikkje at det er naudsynt med ei rederikvoteordning, og har gått i mot innføring av rederikvoteordning.

## Lodda

I skrivande stund er loddefisket ved Island nett avslutta. Fisket har vore ekstraordinært godt, og det har vore gode prisar. Dette er styret sjølv sagt glade for! Samstundes melder somme fiskarar at dei ser mykje lodda i Nord-

Noreg. Samstundes vil styret stilla spørsmål ved nullkvotar av lodda i Barentshavet. Her må det forskast meir!

## Samarbeidet med Havforskningsinstituttet

I fjar på denne tida var tillita til HI på eit lågmål. Det var fleire grunnar til det, men forskinga på NVG-sild og manglande vilje til å lytta til erfarte fiskarar var medverkande årsaker. Styret registrerer at det har blitt eit mykje betre samarbeidsklima i året som har gått. Det kan vera fleire årsaker til det. Kanskje har fiskarane blitt meir konstruktive i sin kritikk? HI har fått ny toppleiar. Det kan vera medverkande årsak, og HI har nok òg innsett at dei vil bli sett meir i korta, enn dei har blitt før. Styret opplever at HI er flinkare til å nytta seg av fiskarane sin kompetanse, at HI er tydelegare når dei er i tvil, og at HI oftare vil diskutera bestandsituasjonen m.m. med Pelagisk Forening, før avgjerer blir tatt. Dette er styret glade for, og håper på godt samarbeid framover.

77

STYRET MEINER DET ER PÅ TIDE AT HI  
INFORMERER BETRE OM ICES SITT ARBEID,  
OG AT NORSKE STYRESMAKTER UTFORDRAR  
ICES OM DET BLIR NAUDSYNT.

Styret har òg registrert at andre institusjonar, som t.d. Sintef, ynskjer å driva med bestandforsking. Fiskarane er vant med konkurransen, og styret er positiv til konkurransen, òg når det gjeld forsking.

Styret ser stadig vekk at HI viser til ICES. For næringa verkar ICES sitt arbeid uangripeleg, men det finst som kjent ikkje ufeilbarlege institusjonar. Styret meiner det er på tide at HI informerer betre om ICES sitt arbeid, og at norske styresmakter utfordrar ICES om det blir naudsynt.

Tradisjonelt opptrer HI alltid med ei stemma eksternt. Styret er kritisk til dette. Styret meiner at Nærings- og fiskeridepartementet, som er dei som faktisk avgjer kor mykje som skal vera lov å fiska, har rett til å bli informert dersom ulike forskarar har ulikt syn på bestandsråd. Tvil om kvoteråd har fiskarane òg krav på å få kjennskap til. Styret håper HI blir meir open på dette området.

## Auka kvoteråd for NVG, makrell og kolmula

Medlemmar i Pelagisk Forening var dei fyrste til å stilla spørsmål ved forskinga på NVG, og Pelagisk Forening har jobba lenge og målretta for betre NVG-forsking, og meir presise kvoteråd. HI har forklart auka kvoteråd med



## 77 PELAGISK FORENING SER IKKJE AT DET ER NAUDSYNT MED EI REDERIKVOTEORDNING

endra metode. Den eksakte årsaka er nok samansatt, men styret er overtydd om meir presise, og i dette høvet høgare, kvoteråd neppe hadde skjedd utan fiskarane sin medverknad. Styret er glade for at arbeidet har gjeve resultat.

Styret vil òg nytta høvet til å takka Pelagisk Dugnad, leia av Torfinn Gangstad, Arnt Inge Nygaard og Kjell Bjørnar Bakken, for det langvarige og gode arbeidet dei har gjort i høve til forsking på NVG. Pelagisk Forening har støtta arbeidet frå dag ein.

### Enklare regelverk?

Regjeringa gjekk høgt ut, og lova «forying, forenkling og forbedring». Etter 3 ½ år vil styret sei at lovnaden er positiv, men det er mykje arbeid att! Me ser ofte at det er viktigare for byråkratiet å vera best i klassen, enn at næringsutøvarane skal ha gode og stabile rammevilkår.

### Møte med styresmaktene

I året som har gått har sekretariatet, og styreleiar, hatt mange møte med stortingsrepresentantar, Nærings- og fiskeridepartementet og forvaltninga. Pelagisk Forening opplever slike møte som positive.

### Rettstryggleik

Styresmaktene har diverre framleis mykje u gjort når det gjeld å styrke fiskarane sin rettstryggleik. Dette for at fiskarane skal få same rettstryggleik som andre borgarar og næringsutøvarar. Sekretariatet ser rett som det er at fiskarane sin rettstryggleik ikkje er på nivå med kva som er tilfelle for andre næringsdrivande.

Styret har gjeve jusstudent Helene Jameson Skrede stipend for å skriva masteroppgåva «Straffansvar for feil rapportering av fangst». Oppgåva fekk god karakter, og Helene konkluderer m.a. med at «Oppsummeringsvis tas det derfor til ordefor en gjennomgang av straffeansvaret etter havressursloven § 62, med en anbefaling om å heve skyldkravet for rapporteringsplikten til grov uaktsomhet. Dette vil i størst mulig grad favne om formålet med straffansvar. Ved et slikt skyldkrav rammer man de tilfellene som i hovedsak er økonomisk motivert, der fartøyene bevisst forsøker å skjule de reelle forholdene for myndighetene og unndra fangst.»

Videre vil et slikt straffansvar i større grad ivareta rettssikkerheten til de som opererer i næringen, der det vil åpne for å ta hensyn til de praktiske utfordringene knyttet til rapportering og estimering av fangst. Dette vil

videre styrke legitimiteten bak lovgivningen, og vil være medvirkende til å sørge for oppnåelse av formålet bak lovgivningen på lengre sikt.»

### Marknadsarbeid

I året som har gått har styret følt godt med på arbeidet som har blitt gjort for å marknadsföra norsk sjømat i inn- og utland. Marknadsføring av norsk sjømat er eit viktig arbeid, både for landet, fiskarane og for landindustrien.

## 77 MARKNADSFØRING AV NORSK SJØMAT ER EIT VIKTIG ARBEID, BÅDE FOR LANDET, FISKARANE OG FOR LANDINDUSTRIEN.

### Vern om deltarlova

Med jamne mellomrom kjem det innspel der det blir argumentert for at deltarlova bør opphevest. Styret meiner at deltarlova har ein viktig funksjon, men at mindre justeringar kan vurderast dersom det er naudsynt.

### Samarbeid med andre organisasjonar

Fiskerinorge er i organisatorisk endring. Dette kan òg omfatta Pelagisk Forening. For styret er det viktig å syta for at medlemmane ikkje mistar innflytelse/påverknadskraft for at organisasjonen skal endrast. Det same gjeld sjølvsagt òg servicen til medlemmane.

I enkeltsaker har Pelagisk Forening samarbeida godt med andre fiskeriorganisasjonar i året som har gått. Dette er naturleg når organisasjonane har felles interesse, og styret ønskjer fortsatt godt samarbeid med andre organisasjonar.

Jonny Lokøy  
Styrets leder

Kristian Sandtorv  
Nestleder

Lars Magne Eidesvik  
Styremedlem

Andreas Leine  
Styremedlem

Thomas Johansen  
Styremedlem

Lars Einar Sandtorv  
Styremedlem

# STRUKTURERING OG FISKERIFORVALTNING VED NORD-ATLANTEREN

I Norge, som i andre land, handlar fiskeriforvaltning om å dela havets rikdom mellom demografiske, geografiske, og sosiale grupper.

Sjølve fiskeriet er kjerna i all fiskeriforvaltning. Landa ved Nord-Atlanteren har kvar sine mål, når dei vel korleis dei skal forvalta fiskeria. Det er store variasjonar i fiskeriforvaltninga, og kven fiskeriet skal tene, og kven som eig fisken i sjøen. I Norge er det definert som: «.. *ligg til felleskapet i Noreg*». Dvs. at inntektene skal tilgodesjå folk som lever og bor ved kysten. På Island er det omvendt, der er det: «...*standi undir lífsafkomu og hagsæld þjóðarinnar*». Meininga er at fiskeri er grunnlaget for Island sin økonomi, og skal sikre det islandske folk si velstand og velferd. På Færøyane er det definert som «... *ogn Faroya fólks*», folkets eidegod. Eit politisk uttrykk som dei politiske partia tolkar som dei vil. I Danmark er formålet uttrykt i generelle termar om bærekraftig fiskeri og miljø. Den danske lova er samkjørt med EU sin fiskeripolitikk, og uttrykk ikkje spesifikke politiske mål.

## Fiskerinæringa si rolla

Fiskeriforvaltningane er forma ulikt avhengig av fiskeriet spelar grunnleggande økonomisk rolla, eller ei meir regional rolla.

I Nord-Atlanteren er det på Island og Færøyane at fiskeria spelar størst økonomisk rolla. Island har innretta fiskeriforvaltninga slik at dei som deltek i fiskeria, dvs. reiarlag og industri, kan tene pengar. På Island har fiskerilovgjevinga relativt få sosiale og demografiske omsyn. Fiskerinæringa på Island er for islendingar. Færøyane har strukturer. Lovgjevinga stiller samfunnsskrav til dei som har rettane. Det blir òg pålagt avgifter på fangstane. På Island og Færøyane har økonomi og rasjonalitet høg prioritet.

I dei fleste landa i verda har fiskeria, som i Norge, stor regional påverknad. Enkelte regionar er heilt avhengige av fiskerinæringa. Derfor har dei fleste land ei fiskeriforvaltning som tilgodeser fiskerisamfunna, og gjev lokalsamfunna særlege rettar, og overføre ressursar i form av subsidiar eller særrettar for at folk skal bu i området. Det er viktig for Norge at folk bur langs kysten, og at det er nokon som har kunnskap og vilje til å driva fiskeri. I Norge har ikkje økonomi og effektivitet høgast prioritet.

I alle land er det usemje mellom sosiale grupper. I dei fleste landa er striden størst mellom reiar og mannskap. I andre land mellom reiarlag og landindustrien. Det er strid på fleire politiske frontar. Ein geografisk strid mellom regionar, mellom ulike fiskeri, med andre næringar, og internt i grupper. Fiskeripolitiske løysningar er ofte eit resultat av politiske kompromiss. Det kan være at eit sjukehus, ein veg, eller ein skule er ein del av eit fiskeripolitisk kompromiss.

## Fiskeriforvaltning

Formålet med fiskeriforvaltninga er å setta grenser for eit fritt fiskeri. Fiskeriforvaltning har skjedd i fleire hundre år, og er blitt svært omfattande. Fiskeriforvaltning er politiske prioriteringar. Offisielt er første mål at fiskeria skal være biologisk bærekraftig. Det er standard formuleringar som blir kravd for å vera medlem av internasjonale organisasjonar som ICES, og for å få miljøgodkjenningar. I tillegg skal fiskeri gi best mogeleg økonomisk utbytte til fiskar og samfunn, og det skal takast sosialt ansvar. Dei fiskeripolitiske måla er ulike frå land til land.

## Fiskeripolitiske mål i Norge

*“Norge skal gjennom en kunnskapsbasert og miljømessig bærekraftig forvaltning realisere potensialet som sjømatnasjon ved å øke verdiskapingen til beste for forbrukere, norsk økonomi samt bosetning og sysselsetting langs kysten. Økt produksjon og eksport av kunnskap og sjømat vil også styrke global matsikkerhet.”<sup>1</sup>*

Med andre ord, formålet er å sikra sosial rettferd og busetnad langs kysten.

Med deltarlova og fiskesalsslagslova er norsk fiskerinæring delt opp i fiskeri og industri. Norsk fiskerilovgjeving prioritærer fiskarar og lokalsamfunn langs kysten høgt. Industri- og kapitalinteresser er kritiske til dette. Andre meiner at dagens system er best for alle.

## Fiskeriforvaltninga på Island

På Island står biologien og økonomien øvst. På Island er det fokus på å få best mogeleg økonomiske resultat av fiskerinæringa. Dette for å finansiere landet sin økonomi. Filosofien er at Island sin befolkning har det godt, dersom fiskeria går godt. Med innføring av omsettelege kvotar blei fiskerettane konsentrert på få hender, og det byrja ei rasjonalisering. Resultatet blei at fiskeriaktiviteten minka, eller forsvant, i fleire distrikta. Selskapa blei større og sterkare, og har klart seg på verdsmarknaden. Kvotane blei slått saman på større båtar, og ein stor del av flåten blei skrota. Like eins blei produksjonen på land samla i større einingar. Konsekvensane var dramatiske. Talet på fiskarar blei dramatisk redusert. Fleire distrikta mista mange arbeidsplassar, og sjølvsgåt forsvann òg arbeidsplassar i tilknytte næringar. Folk i dei råka områda måtte flytte frå heimstadane sine. No tretti år seinare, er det store vertikalt integrerte selskap, med skip, produksjon og

<sup>1</sup> I Stortingets behandling (Innst.418 S (2012–2013)) av Sjømatmeldingen jf. Meld. St. 22 (2012–2013) Verdens fremste sjømatnasjon.

salsaktivitet over heile verda. Politikarane har kompensert med særlege distriktskvotor til dei hardast råka distrikta, og særlege kvotor til småbåtar. Island gjekk frå å vera eit land med mange, og små lokale fiskeriselskap, til å bli dominert av store kvoteeigarar. Terminologien skifta frå sosiale prioriteringar til finansielle nøkkeltal. Fiskerinæringa gjekk frå kultur til business.

### Fiskeriforvaltninga i Danmark

Danmark er bunden til EU sin fiskeripolitikk. I Danmark spelar fiskeri, som i de fleste andre EU-land, liten økonomisk rolla. I EU sin tidlegare fiskeripolitikk var handel med kvotor avgrensa, og strukturtilpassing var ein del av politiske subsidiar gjennom strukturingsfond til infrastruktur. T.d. som hamne- fabrikk og frysefasilitetar, og moderniseringar som følje av strengare hygiene- og miljøkrav. Dette førte til fleire nybygg, og ei modernisering av den gamle flåten. Dette utan at fangstkapasiteten blei redusert og tilpassa ressursane.

Dei seinare åra har EU endra sin politikk, og medlemslanda kan strukturera. Dei siste ti åra har Danmark liberalisert lovgivinga for pelagisk sektor, og har i dag ei av dei mest liberale mekanismane i verda. Rammevilkåra er blitt så liberale at kvoter kan flyttast mellom ulike EU-land.

Resultatet av liberaliseringa er at det berre er nokon få reiarlag, som har svært store kvotor per fartøy. Før var det fleire hundre pelagiske industri- og notbåtar. I dag er det berre ca. ti store og effektive kombinerte not- og trålfartøy att. I staden for fleire mindre fartøy, er det investert i nye store skip. Talet på fiskarar er redusert dramatisk. Det same gjeld arbeidsplassar i tilknytte næringar.

Fartøya er eigd av sjølvstendige reiarlag, utan tilknyting til fabrikkane. Dei danske fartøya kan selja fisken kor dei vil. Korkje lovgjeving eller eigartilhøve stiller krav om landing på bestemte stadar.

### Fiskeriforvaltninga på Færøyane

På Færøyane er fiskeria, på pelagiske artar, kvoteregulert etter mengde. Då Færøyene gjekk konkurs på nittitalet stilte danske styresmakter, og den internasjonale finansverda, krav om at den færøyske fiskerilovgjevinga skulle reviderast for at gjeld skulle bli refinansiert. Færøyane fekk difor ei ny fiskerilovgjeving. På slutten av nittiåra blei lova liberalisert. Lisensar kunne seljast og kjøpast innanfor dei enkelte gruppene.

Resultatet blei ein stor omstrukturering av de fleste flåtegruppene. Pelagiske rettar blei konsentrert på eit fåtal fartøy, og dei fekk rettar store nok til å driva fiske omkring 300 dagar i året.

I dag er det ein heftig debatt på Færøyane. Fiskeriministeren har fremja forslag om ein fullstendig endring av heile fiskeripolitikken. Retten til å fiska blir kanskje auksjonert bort.

Forslaget er på høyring, og lagtinget handsamar saka denne månaden.

### Strukturering i den pelagiske sektoren i Nord-Atlanteren

Tidlegare var politiske omsyn om demografisk, geografisk og sosial fordeling viktigare enn driftsøkonomiske aspekt. Strukturering starta då dei individuelle fartøykvotane blei vanlege i åttiåra. I starten var det flytting av kvotor mellom båtar i same reiarlag. Neste skritt var byte av kvotor mellom reiarlag. Reiarane på Island var mest kreative. I 1984 blei det lov å bytta kvotor. Då starta handelen med fiskerettar. Etter kvart blei reglane meir liberale på Island, og dei fleste land ved Nord-Atlanteren følgde etter. Færøyane innførte avgrensa omsetnad på slutten av nittiåra. Med Svein Ludvigsen som fiskeriminister kom Norge med i liberaliseringssprosessen i starten av 2000-talet. Danmark var sist, men det gjekk fort då dei slapp struktureringa fri på midten av 2000-talet. Danmark tok det heilt ut, og rammevilkåra blei dei mest liberale i Nord-Atlanteren.



PELAGISK FORENING ER KLARE TIL Å DELTA  
I STRUKTURDEBATTEN, OG KJEMPA FOR AT  
RAMMEVILKÅRA BLIR DEI BESTE FOR VÅRE  
MEDLEMMAR, FISKARANE OG DEI SOM  
LEVER AV FISKERI I KYSTNORGE.

Debatten på Island og Færøyene er hard. Folket og de politiske partia er splitta. Somme meiner at strukturering er naudsynt. Andre meiner at konsentrasjonen av fiskerettar på få eigarar har blitt sosialt urettferdig. I Danmark har ikkje folket hatt same fokus på strukturering som folket på Færøyane og Island.

I Norge er reglane blitt liberalisert dei siste 10-15 åra. Kvotetaka har blitt høgare, og talet på fartøy er redusert vesentleg. I Norge er diskusjonen, og eventuell gjennomføring, av strukturendringar berre starta. Dette i høve til kva Island og Færøyane og har opplevd.

I Norge blir strukturering eit stort politisk tema, i åra som kjem. Pelagisk Forening er klare til å delta i strukturdebatten, og kjempa for at rammevilkåra blir dei beste for våre medlemmar, fiskarane og dei som lever av fiskeri i kystrørge.

# STRIDEN

## OM FISKERESSURSANE I NORD-ATLANTEREN

I 40 år har dei enkelte landa ved Nord-Atlanteren ønska å få så stor del av fiskeressursane som mogeleg. Med grunnlag i havrettskonvensjonen har landa satt sine fiskerigrenser, og med andre internasjonale avtalar blei fisken fordelt. I hovudtrekk er det to fordelingsnøklar. Det er kystlinja og historisk fiske.

Dei seinare åra har Nord-Atlanteren, og dei pelagiske artane, blitt eit av verdas mest verdifulle spiskammer. Nøkkelordet i framtida sin matvarepolitikk er «Food Security», og det er i Nord-Atlanteren at det er størst potensiale.

Dei seinare åra har striden om makrellressursane gjeve ein ny dimensjon i striden om rettane. Island og Færøyane kravde at ikkje berre sonetilhøyring og historisk fangst skal vera avgjerdande for fordelinga. Dei kravde òg at det skulle leggast vekt på kor fisken var den delen av livet den veks opp, ved fordelinga.

Ingen av kyststatane i Nord-Atlanteren er nøgde med fordelinga av makrell, sild og kolmule. Alle vil ha meir enn dei har. For sild kan Norge med rette argumentera for at dei bør ha ein større del. For kolmule hevdar EU og Færøyane at dei har rett til meir. Island bør være godt nøgd med kvantuma dei fiskar av kolmule og sild. Då dei ikkje vil være med på ein avtale om makrell, ja så fastset dei si eiga kvote. Med Grønland som ny aktør for makrell, og andre pelagiske artar, er det eit land til som krev å bli rekna som kyststat.

Har fordeling av pelagiske fiskebestandane i Nord-Atlanteren vore innfløkt før, så blir det fleire gonger meir komplisert med Brexit. Storbritannia vil truleg krevja makrell-, sild- og kolmulerettar, som dei meiner dei som kyststat har rett til, òg har historiske rettar til. Dette til ulempe for dei andre EU-landa. I tillegg vil Storbritannia truleg krevja rettar som EU i dag gjev til Norge og Færøyane i bilaterale avtalar, men som Storbritannia kan meina tilhøyrar dei.

Storbritannia vil bli ein del av kyststatgruppa, og då må det skapast ein ny intern balanse om fordeling av rettane.

Det er ikkje usannsynleg at Storbritannia kjem til å krevja så store delar av bestandane, at det er unrealistisk å tru at EU, Norge eller Færøyane kan godta krava. Derfor er det lite realistisk at kyststatane blir samde om fordelinga med Storbritannia som fullt medlem. I alle høve på kort sikt.

Om Skottland riv seg laus frå Storbritannia blir forhandlingane enno meir kompliserte.

Det er nok ingen som kan sei kva som vil skje dei neste åra. Der er ingen tvil om, at politikarane i fleire av landa har eit ønske om gjera kva dei kan for å inngå avtalar. Det vil bli eit stort press frå omverda, og internt i landa, om berekraftig utnytting av ressursane i havet.

Den optimale løysninga, for dei komande åra, er at landa blir samde om fordeling av dei enkelte artane.

Det sannsynlege er at landa ikkje klarar å bli samde, og vil fastsetja sine eigne kvotar.

Framtida krev politikarar som kan forsvara Norge sine rettar!

## KONTAKTPERSONAR



**Jonny Lokøy**  
Styreleder  
Mob.: 928 69 544  
E-post: endre-d@online.no



**Mariann Frantsen**  
Daglig leder  
Mob.: 470 33 100  
E-post: mariann@pelagisk.net



**Ask Økland**  
Advokat  
Mob.: 468 43 164  
E-post: ask@pelagisk.net



**Kontor**  
Tlf.: 55 36 02 00  
Slottsgaten 3, 5003 Bergen  
E-post: post@pelagisk.net

### Foto:

Portretter: Jonny Lokøy av Rune Berentsen (Bergens Tidende) / Mariann Frantsen av Roar Bjånesøy / Ask Økland av Torstein Solem  
Forside: Knut Erik Håheim. Side 2: Norges Sjømatråd. Side 3: Scanfishphoto.com

**Grafisk design:** Gunnar Follesø / Follesø Animasjon

# MEDLEMMAR

